

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Myking 25.05.21

**Søknad om dispensasjon til kommuneplanens arealdel pkt2.2 (krav om reguleringsplan) og
Pkt. 2.6.1 (byggjeforbodsone fastsatt i kommuneplanens arealdel) og pkt 3.1.2 tiltak til å
gjenreise/bygge slipp/båtopptrekk på bruk nr 40/2.**

Søknaden gjelder for bruk nr 40/96 og 40/100 på Hodneland i Alver kommune ifm dispensasjon og
tiltak for å gjenreise slipp/båtopptrekk på bruk nr 40/2.

Viser også til ulovlighetssaka 20/18082 – 21/16235.

Slippen/båtopptrekket vart etablert tidleg på -60 talet, mellom 1960 og 1963 av grunneigar.
Eigarskapen av slippen vart overført til bruk nr 40/96 og 40/100 den 22.08.94 ved tinglyst avtale,
Dagboknr.: 10495. Viser til punkt 3 og 4 i avtalen.

I 2009, river grunneigar 40/2 Jorunn S. Hodneland slippen og fjerner den utan å informere eigarane.
I tillegg var det murt ein ny grunnmur inn i slippen. Me, eigarane, protesterte og ba om at muren måtte
fjernast og slippen skulle tilbakestillast, noko som det også har vært ein forståing og forventning om.
Dette har ikkje skjedd. Dvs. muren er fjernt, men slippen var aldri tilbakeført.

Høsten 2020 vart slippen/båtopptrekket tilbakeført slik det alltid har lagt, derav ulovlighetssaka
20/18082 – 21/16235.

Slippen/båtopptrekket er av same størrelse og lengde som den hadde tilbake til -60 talet. Den har aldri
lagt til hinder eller ulempe for nokon, før grunneigar ville utvide naustet sitt inn i slippområdet.
Slippen/båtopptrekket er kun for mindre båtar.

Slippen/båtopptrekket ligg slik til at den ikkje er synleg frå andre eigedommar, enn dei som ligg
umiddelbart rundt den.



Slippen/båtopptrekket skal ikkje nyttast til utleige.

Me meinar kommunen må leggja vekt på at det her har lagt ein slipp sidan -60 talet.

Me meinar også at kommunen i denne saka, må leggja vekt på at nokon ulovleg har fjerna vår eigedom
og me, tiltakssøkjarane, står igjen med arbeidet og kostnader til re-establering. Det å rive slippen er
søknadspliktig ihht loven og hadde dette vært gjort, ville ikkje me kom til denne situasjonen.

Me vonar på eit positivt svar på søknaden vår.

Med helsing

 Helge Fimland 40/96 og Magnar Skauge 40/100
 Magnar Skauge
Vedlegg til søknaden:

1. Situasjonskart
2. Snekke på slipp 1 våren 1992
3. Snekke på slipp 2 våren 1992
4. Båt på slipp i 31.05.1992
5. Re-estabert slipp
6. Tinglyst avtale om slipp etc
7. Kvittering på nabovarsler og evt. kommentarar